



## Referat frå kommunemøte torsdag 6.01.2022

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

**Ikkje til stades:** Hyllestad, Sveio og Voss.

**Møteleiar:** Haavard

### Innhald

1.	Informasjonssaker .....	1
2.	Kompensasjonsordning til næringsdrivande fastlegar ved sjukefråvær knytt til koronaviruset ...	2
3.	Vaksine .....	2
	Leveranse av vaksineutstyr for 3. dose til aldersgruppa 5-64 .....	2
	Spørsmål om vaksine til 12- og 16-åringar .....	2
	Status vaksinasjon i Vestland .....	2
	Apotek-vaksinasjon .....	3
	Koronasertifikat .....	3
	Spørsmål og innspel .....	3
	Spørjeundersøking om kommunanes arbeid med oppfriskingsdose .....	4
	Influensavaksine .....	4
	Informasjonsbrev nr. 40 .....	4
	Oppmoding frå Bergen kommune - barnevaksinering .....	4
4.	Endringar i vekerapporteringsløyisinga .....	4
5.	Barnehage og skule .....	5
6.	Hurtigtestar .....	5
	Leveranse av hurtigtestar veke 1 .....	5
	Fordeling av hurtigtestar for neste veke .....	5
	Leveransar framover .....	6
7.	Ordningane med mobilisering av helsefagstudentar med lisens og støtte frå Forsvaret .....	6
	Mobilisering av helsefagstudentar .....	6
	Vaksinasjonsstøtte frå Forsvaret .....	6
8.	Handtering av ei venta større smittebølge og prioritering av tenester .....	7

### 1. Informasjonssaker

Vi minner om møte med Helseministeren i dag kl. 17.00, innkalling vart sendt ut onsdag.



## 2. Kompensasjonsordning til næringsdrivande fastlegar ved sjukefråvær knytt til koronaviruset

Tilskotsordninga for kompensasjon til næringsdrivande fastlegar ved sjukefråvær knytt til koronaviruset forvaltar Statsforvaltaren på vegner av Helsedirektoratet. Ordninga gjeld til og med 1. april 2022, med søknadsfrist 29. april 2022. Kommunane blir kompensert for meirutgifter knytt til å gje fastlegar, som ikkje har forsikring for sjukefråvær i arbeidsgjevarperioden, ein praksiskompensasjon dersom legen har blitt smitta av koronavirus eller må vere i karantene grunna risiko for å ha blitt smitta.

Meir informasjon finn de her:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/tilskot/2022/04/kompensasjon-til-naringsdrivande-fastlegar-ved-sjukefravar-knytt-til-koronaviruset/>

## 3. Vaksine

### Leveranse av vaksineutstyr for 3. dose til aldersgruppa 5-64

Helsedirektoratet seier at leveransen til alle landets kommunar for 3. dose vaksinerings av aldersgruppa 5-64 år er i rute, og det er venta at alle kommunar skal ha fått leveransen sin innan 15. januar.

Helsedirektoratet ber kommunar som i mellomtida manglar utstyr om å kontakte nabokommunar for lån, eventuelt kontakte Statsforvaltaren slik at vi kan hjelpe med å formidle kontakt/omfordeling. Vi er kjend med at nokon av dykk har utfordringar med lite utstyr fram til neste leveranse.

### Spørsmål om vaksine til 12- og 16-åringar

Gloppen kommune har sendt oss følgjande spørsmål:

- Skal dei som fyller 16 år i 2022 gjevast tilbod om dose 2 av koronavaksine?
- Skal kommunen gje tilbod til dei som fyller 12 år i 2022 fortløpande når dei fyller 12 år?

I vaksinemøte tysdag denne veka sa FHI at dei kjem tilbake med tilrådingar for årskulla 2004, 2006 og 2010, då desse i 2022 vil kome inn i nye alderskohortar med eigne tilrådingar. Førrebels ønsker FHI at kommunane ventar litt med desse gruppene.

*Tillegg til referatet: Etter møtet vart vi oppmerksame på at nokon av dykk allereie har begynt å vaksinere dei som har fylt år i 2022 og som då kjem inn i ny alderskohort med tilhøyrande tilrådingar for vaksinasjon. Vi vurderer at de ikkje treng å endre på desse avtalane, då det ikkje har kome nye tilrådingar frå FHI enno. Inntil vidare held vi oss difor til eksisterande tilrådingar.*

### Status vaksinasjon i Vestland

Det var 88% av dei over 65 år som fekk oppfriskingsvaksine før jul, det er veldig bra. Neste delmål er tilbod om vaksine til alle over 45 år innan utgangen av veke 2.



## Statsforvaltaren i Vestland

FHI har bedt oss minne om at dosane som vart sendt ut i veke 50/51 vil gå ut på dato i slutten av neste veke, slik at det hastar litt å få brukt desse dosane. Det vart sendt ut kring 700 000 dosar før jul, og drygt 300 000 av dei er sett så langt. FHI ber difor alle kommunar om å sjå på behaldninga si, få brukt opp dosene der dei kan og merke seg fristar som kjem for avbestilling av nye utsendingar. FHI vil fortsette å sende ut dosar etter 20-vekersintervallet.

### Apotek-vaksinasjon

FHI vil òg minne kommunane på moglegheita for å lage avtale med apotek. Ein del kommunar har gjort dette allereie. Eit slikt tilbod vil òg oppfylle kravet om drop-in-tilbod i forskrifta.

Lotte Wilhelmsen Silnes, smittevernlege i Askøy kommune orientert litt om deira erfaringar så langt:

Kommunen har lite tal enno, men kan orientere litt om korleis det har fungert så langt. Har brukt eit apotek i tre veker, som har sett om lag 420 dosar. Viktigast for Askøy er dei førstedosane dei kan klare å få rekruttert til med dette tilbodet. Dersom dei skal utvide til fleire apotek, må det vere med den hensikta då dei har god kapasitet på vaksinestasjon.

Ser nokre utfordringar med distribusjon av vaksine og kvalitetskontroll. Har hatt nokre utfordringar med feilregistrering i SYSVAK og opptrekk av vaksine. Har fått ein kontaktperson i farmasøytforeninga som skal vere kontaktperson mot andre apotek, dersom kommunen vel å utvide ordninga. Må få på plass kvalitetssystem, kommunen har òg ansvar for dosar som blir sett på apotek [jf. rettleiar frå FHI \(https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/veiledere/koronavaksinasjonsveileder/veiledning-til-kommunene-for-bruk-av-apotek-til-vaksinasjon-mot-covid-19.pdf\)](https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/veiledere/koronavaksinasjonsveileder/veiledning-til-kommunene-for-bruk-av-apotek-til-vaksinasjon-mot-covid-19.pdf). Ventar på meir statistikk, følger elles med på Sykdomspulsen. Det er litt logistikk for kommunen å levere dosar osb. Kommunar som har god vaksinasjonskapasitet, vil kanskje ikkje ha like mykje å hente ved denne type ordning.

### Koronasertifikat

Som det går fram av informasjonsbrev nr. 40, er det frå 1. februar innført standard gyldigheit av EU-koronasertifikat på 270 dagar etter primærvaksinasjon. Boosterdose innanfor eller etter desse 270 dagane vil forlenge gyldigheita av sertifikatet på ubestemt tid. Det same gjeld ikkje for gjennomgått covid-19, som då ikkje kan erstatte booster dosen, men det vil forlenge gyldigheita i 180 dagar etter positiv test og kan difor utsetje behovet for oppfriskingsdose med omsyn til gyldig koronasertifikat.

Førebels er dette berre relevant for dei som skal utanfor Noreg.

Meir informasjon:

<https://www.fhi.no/nyheter/2022/endringer-i-gyldighet-i-koronasertifikatet/>  
<https://www.fhi.no/om/koronasertifikat/om-koronasertifikatet/>

### Spørsmål og innspel

Kjersti Helen Follesø, kommuneoverlege Bømlo kommune:

*Det er noen land som krever to doser for barn 12-16 for innreise, og foreldre som ønsker dose to på det grunnlaget. Hvordan stiller FHI seg til det?*

Elisabeth Mahler Engelsen, prosjektleiar vaksinasjon covid-19 i Bergen kommune

*For kommende ferier, så ønsker vi en formell avklaring når innbyggere tar kontakt vedr. barn i 12-15 år for to doser.*



### Svar:

Per no er det tilrådd berre ein dose for 12-15-åringar i Noreg.

Spørsmålet vart undersøkt med FHI undervegs i møtet, med følgjande tilbakemelding om vaksinasjon av barn/ungdom for reiseføremål: *"Det kommer snart informasjon om dette. Hvis dette er et akutt behov så stoler vi på at det gjøres gode vurderinger lokalt inntil nasjonale føringer kommer på plass."*

### Spørjeundersøking om kommunanes arbeid med oppfriskingsdose

FHI sendte før møtet ut ei spørjeundersøking som dei ber oss vidaresende til vaksinekoordinatorar i kommunane. Føremålet er at FHI skal få meir innsikt i arbeidet med oppfriskingsdosar til befolkninga, og tilbakemeldingane vil nyttast i det vidare arbeidet med Koronavaksinasjonsprogrammet. Undersøkinga tek om lag 7 minutt, og frist er innan utgangen av måndag 10. januar. Vi sender dette ut etter møtet.

### Influensavaksine

Både FHI og mange kommunar har mange vaksiner att etter at målgruppene har fått tilbod, difor kan òg personar utanfor målgruppene få gratis vaksine framover. Kommunar kan difor gje tilbod om gratis vaksine til tilsette. Kostnaden for sjølve vaksininga for den tilsette bør vere så liten som mogleg, og ikkje større enn sjølvkost. Fastlegane kan òg gi vaksine til andre enn personar i risikogruppene. Dei kan ikkje bruke V1-takst, men kan ta honorar som bør ligge i same område som refusjonstaksten. Fleire influensavaksinar kan bestillast som vanleg hjå Vaksineforsyninga.

### Informasjonsbrev nr. 40

Vi oppmodar elles alle om å lese heile informasjonsbrev nr. 40 om koronavaksinasjonsprogrammet, som kom 22. desember 2021.

### Oppmoding frå Bergen kommune - barnevaksinerings

Dei har tatt kontakt med dei aktuelle kommunane som Bergen skal vaksinere for, og oppmodar om å følgje med på informasjon som er sendt ut og gi fortløpande tilbakemeldingar om kor mange barn i målgruppa som skal vaksinerast.

Ved spørsmål: Vaksinekoordinator Eileen Langedal har ansvar for dette og held kontakten med kommunane det gjeld.

## 4. Endringar i vekerapporteringsløysinga

Frå og med kommande rapport (veke 2) er det gjort ein del endringar i rapporteringsskjemaet, først og fremst i volum og detaljnivå. Det er òg kome inn nokre heilt nye spørsmål/tema, m.a. om trafikklysmodellen.

Vi vil nok ein gong streke under kor viktig det er at vi får denne informasjonen frå kommunane. Det er relativt få kommunar vi må etterlyse rapport frå og vi oppmodar om å ha gode rutinar for dette. I ein situasjon der smittetala er forventa å stige sterkt, truleg kombinert med betydeleg auka fråvær av personell, er det viktig at vi får høyre kva beredskap de har for å kunne handtere situasjonen. Det gjeld ikkje minst korleis det jobbar med kontinuitetsplanlegging og ressursoversikt for å kunne auke kapasitetar til helsehjelp og gje innbygarane nødvendig helsehjelp ved ei større smittebølge.



## Statsforvaltaren i Vestland

Helsedirektoratet legg til grunn at Statsforvaltaren skal ha ein dialog med kommunar som treng ressursstøtte, og då treng vi kunnskap om kvar problema er. Det er òg veldig viktig at vi har eit best mogleg samanlikningsgrunnlag mellom kommunar, i tilfelle det kan vere aktuelt med ei omfordeling av ressursar mellom kommunane. Ei anna side av dette er å ha ei mest mogleg felles forståing av dei orda vi brukar. Det gjeld særleg bruken av svaralternativa “god”, “utfordrande” og “kritisk”. Det er viktig at de merkar dykk at definisjonane av desse orda no er endra frå neste rapportering.

Kritisk betyr at kapasitetar til testing, smittesporing m.v. er overbelasta, slik at det er svikt i tenestene, og at smitten kan påføre befolkninga ei betydeleg sjukdomsbør. Nivået for når ordet kritisk er såleis heva.

Vi kan gjerne kome tilbake til dette temaet i eit seinare møte når vi har fått erfaringar i ei veke eller to, dersom det er spesielle ting det er spørsmål til.

## 5. Barnehage og skule

Det er få endringar på regelverksområdet for barnehage og skule. Med auka smitte og endra karantenereglar, har det likevel kome mange spørsmål frå sektoren til Statsforvaltaren. Vi har difor gjennomført eit eige sektormøte 4. januar, med to føremål:

- Gå gjennom regelverket og samanhangen mellom ulike regelverk. (Presentasjonen blir lagt ved utsending av referat).
- Svare ut problemstillingar som den endra smittesituasjonen har aktualisert. (Brev med spørsmål og svar frå møtet blir òg lagt ved utsending av referatet).

Etatsleiarar innan utdanning/oppvekst blir invitert til eit tilsvarande møte i samband med at gjeldande smitteverntiltak enten blir vidareført eller endra. Dato for møtet er 13. januar.

## 6. Hurtigtestar

### Leveranse av hurtigtestar veke 1

Vi sendte ut informasjon i romjula og tidlegare denne veka, om fordeling av hurtigtestar for veke 1. Vi har fått beskjed om at dei blir levert i morgon, fredag 7. januar, til Bergen kommune sitt lager og regionalt lager for Vestland. For å sikre testane mot temperaturskade (testane er sensitive for låg temperatur) sender først Norengros ut testane måndag 10. januar, og kommunane vil såleis få testane levert tysdag.

Vi forstår på Helsedirektoratet at dei arbeider med å få på plass faste dagar for både utsending av informasjon om fordeling, og for leveranse til fylka.

Som før; dersom nokon ser at det kan bli knappheit før neste varsla leveranse til kommunen, ber vi om at de kontaktar nabokommunar for omfordeling, eller tek kontakt med oss dersom det ikkje let seg gjere.

### Fordeling av hurtigtestar for neste veke

Vi sender ut fordelingsliste så snart den er klar, og reknar med at den kjem før helga.



### Leveransar framover

I eit møte med Helsedirektoratet i går fekk vi informasjon om at det kjem store leveransar av hurtigtestar til landet i januar og februar. Vi vil informere kommunane så fort vi veit noko meir konkret om fordelinga.

Frå ein situasjon med utfordringar som følgje av knappe forsyningar, er det i ferd med å endre seg til å handle om utfordringar knytt til lagerkapasitet. Vi fekk difor eit hurtigoppdrag frå Helsedirektoratet i går, om å undersøke lagerkapasiteten i fylket, og om kommunane er i stand til å ta imot større leveransar framover. Vi tok ein ringerunde til kontaktpersonane for hurtigtestar i det regionale lageret, Bergen kommune og kommunehubane. Tilbakemeldingane var at det ikkje er noko problem å ta imot større leveransar av hurtigtestar framover.

Resten av kommunane må førebu seg på at det vil kome større leveransar framover. Vi ber alle sjekke ut eigen lagerkapasitet, og planlegge for at større leveransar må hentast i kommunehubane. Om de har problem med lagerkapasiteten ber vi dykk om å ta kontakt med oss.

## 7. Ordningane med mobilisering av helsefagstudentar med lisens og støtte frå Forsvaret

### Mobilisering av helsefagstudentar

Gjennom svara på spørjeundersøkinga vi sendte ut 30. desember om bruk av helsefagstudentar til vaksineringsarbeid, fekk vi eit godt grunnlag for å kunne seie noko til Helsedirektoratet om erfaringane så langt.

Det verkar som om kommunane til no har opplevd det som relativt enkelt å rekruttere personell til vaksinasjonsarbeid. Særleg har nok pensjonert helsepersonell vore viktig i mange kommunar. Ingen kommunar i Vestland har nytta seg av ordninga med bistand frå helsefagstudentar.

Vi har difor rapportert tilbake til Helsedirektoratet at ordninga ville kunne ha gitt ein betre effekt, og fått fleire kommunar til å be om støtte frå studentar, viss den hadde vore meir fleksibel med tanke på kva oppgåver studentane kunne utføre. Fleire kommunar svarte at ordninga er for omstendeleg å ta i bruk. Samtidig har det kome tilbakemeldingar om det motsette frå kommunar i andre delar av landet, t.d. Drammen, Nannestad/Gjerdrum og Tysvær. Dei opplever at ordninga fungerer bra, er ryddig og lett å ta i bruk, og at dialogen med bemanningsselskapet Manpower er god.

Studentordninga er forlenga, og fram til 30. januar vil kommunane difor kunne nytte seg av denne ressursen i vaksinasjonsarbeidet. Så langt har det vore få kommunar som har nytta seg av ordninga på landsbasis, og vi oppmodar difor alle om å vurdere om det kan vere aktuelt å nytte seg av den. Det gjeld ikkje minst for raskast mogleg å kunne tilby oppfriskingsdose til dei som fyller kriteria for det.

Støtta er gratis og krev berre eit minimum av administrasjon. Her er meir informasjon om ordninga: <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/personell-kompetanse-og-rekruttering/mobilisering-av-helsefagstudenter-med-lisens-til-vaksinerings-midlertidig-ordning>

### Vaksinasjonsstøtte frå Forsvaret

Vi har fått støtte frå to vaksinasjonsteam frå Forsvaret i Vestland frå og med denne veka. Først har vi fått lovnad på at dei kan gi støtta denne og neste veke. Både vi i Vestland og andre



statsforvaltarar har tatt opp med overordna styresmakter om ordninga kan forlengast. Den førebelse tilbakemeldinga vi har fått er at det i løpet av denne veka vil bli tatt stilling til dette.

Egil Bovim, Øygarden kommune orienterte kort om deira erfaringar:

Kommunen er svært nøgde med støtta frå Forsvaret. Dei opplever det som ubyråkratisk, ein tek kontakt og seier kva hjelp ein treng - og får det. Einaste usikkerheit no er knytt til tidsperspektiv og om ordninga blir forlenga.

## 8. Handtering av ei venta større smittebølge og prioritering av tenester

Vi tenker at tida er inne for å seie noko om andre tenestetilbod i kommunane dersom det skulle bli ein situasjon med kraftig smitteauke. Det er ein situasjon som er sannsynleg, og som det difor bør diskuterast litt kring scenario og rammeverk.

Vi har i nokre tilfelle vore inne som tilsynsmynde knytt til ting som skjedde i samband med den første nedstenginga i starten av pandemien. Spørsmål om lovlegheit og tilsyn har kome opp som problemstilling i meir aktuelle situasjonar.

Vår vurdering har vore at tilsyn ikkje er eit hensiktsmessig verkemiddel i ein akutt/pågåande situasjon, det er eit middel for å ettergå kva som skjedde og finne ut om det er rom for forbetringar. Det er nokre erfaringar som kan vere verdt å dele og som kan ha verdi framover. Det har òg vore diskutert med Helsedirektoratet korleis ein skal forstå kommunens plikt til å yte forsvarleg og nødvendige tenester ved ein kraftig auke av smitte.

Utgangspunktet er at ein smitteauke ikkje set til side kommunens plikt til å yte forsvarlege og naudsynte tenester. Kva som ligg i omgrepa vil likevel måtte forståast ut frå tid, stad og situasjon. Vi legg til grunn at det er ei «hard kjerne» av tenester som skal oppretthaldast i omfang og innhald, t.d. ivaretaking av grunnleggande medisinske og personlege behov, og tilgang til helsehjelp ved alvorleg akutt sjukdom.

Statsforvaltaren legg òg til grunn at nokre grupper bør ha særskilt prioritet, t.d. barn og unge i vanskelege situasjonar, folk med alvorleg psykisk sjukdom, folk med alvorlege rusproblem og pleietrengande eldre. I ein situasjon med sannsynleg auka smittetrykk og personalmangel, vil vi oppmode kommuneleiinga om å konkret planlegge korleis tenestene skal tilpassast ei eventuell akutt mangel på folk, og kva omfordeling av personell som kan vera aktuelt.

I følge Helsepersonellova § 16, spesialisthelsetjenestelova § 2–2 og helse- og omsorgstjenesteloven § 4–1, har leiinga i helseverksemder plikt til å legge til rette for at helsepersonell skal kunne ivareta sine plikter.

Statsforvaltaren ser det slik at det ut frå kravet til forsvarlege tenester og naudsynt helsehjelp, ligg føre nokre grunnleggande sjekkpunkt ved tilpassing, utsetjing og avlysing av helsehjelp og andre kommunale tenester ved store beredskapshendingar. Desse vil vi gjerne at kommuneleiinga skal reflektere over.

- Prioriteringar må vera tydelege, fagleg grunnjevne og formidlast tydeleg i organisasjonen, på rett nivå.
- Det må gjerast ei generell og, om mogeleg, individuell risikovurdering ved prioriteringar.



## Statsforvaltaren i Vestland

- Det må setjast i verk kompenserande tiltak, så langt det er mogeleg.
- Det må gjerast jamlege revurderingar når konsekvensane viser seg.
- Det er viktig at kommunane er tidleg ute med å informere pasientar og pårørande om ev. reduksjon i tenestetilbod. Òg slik at dei som har evne til å ta vare på seg sjølv får høve til å gjere det.

Dette er nokre føringar som har utkrystallisert seg i saker vi har vore borti tidlegare i pandemien, og vi tenker dette er eit riktig tidspunkt å formidle det. Vi tenker òg det er eit poeng å vere mest mogleg konkret, slik at det ligg føre tydeleg og klar plan/føringar frå leiinga dersom ein kjem i ein situasjon med personellmangel for kritiske tenester.

### Øystein Furnes, kommuneoverlege Sunnfjord:

Dette er ei betraktning, og sjølv sagt sett på spissen. Men det er eit veldig tankekors at kommunane, som alle andre, sjølv sagt skal følgje lover og forsvarlegheit, har betydeleg meirbelastning knytt til pandemien og likevel skal yte tenester. Men så ser ein at på intensivavdelinga er det motsett. Der vert det forlanga at samfunnet skal stengast ned for å kunne gje forsvarlege tenester. Det vert opplevd nesten litt provoserande.

### Kommentar frå fylkeslege Sjur Lehmann:

Regelverket som gjeld nødvendig helsehjelp og andre tenester er ope for fortolking og tilpassing til situasjonen dersom det skulle kome ei svært stor smitteauke. Bodskapet frå vår side er at vi ønskjer å bidra/oppmode til, at kommunane har ein klar plan for korleis dei i så fall vil gjere ting. Vi forstår frustrasjonen knytt til opplevinga av at kommunane blir bedt om å berre stå på.

### I etterkant av møtet har Randi-Luise Møgster i Helse Bergen bedt oss om at følgjande kommentar blir lagt til i referatet:

*Helse Bergen vil understreke at vi i den fasen vi nå er i, ikke har oppfordret til nedstenging av samfunnet. Vi har understreket viktighet av vaksinerings, omlegging av drift i sykehuset for å skjerme elektiv aktivitet samt ivaretagelse av sårbare pasientgrupper. Vi samarbeider godt med våre 18 kommuner og opplever at vi i felleskap har samme forståelse av det krevende utfordringsbildet vi alle står i, og at vi i felleskap klarer å prioritere tiltak på tvers. Som spesialisthelsetjeneste forholder vi oss også til de lovpålagte oppgavene våre, og har stort fokus på at vi til enhver tid prioritere riktig, både ifht pandemi, prognosetap og sårbarhet.*